



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 05.05.2017
Vår ref: 15/02006-9
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Moi uttak i Bjerkreim kommune. Tiltakshavar: Risa AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 9. november 2015.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høringa.

Høringsfrist: 6. juni 2017.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring». Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Samandrag av søknaden

Moi masseuttak er lokalisert på gnr./bnr. 58/2 i Bjerkreim kommune. Det omsøkte området er om lag 143 dekar og går fram av kart på s. 4 i høyringsvedlegget. Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til masseuttak og er regulert til masseuttak i reguleringsplan for Moi brudd, datert 27. september 2006.

I søknaden om driftskonsesjon har søker opplyst at førekomsten som er gjenstand for utvinning er ein metamorf bergart. Førekomsten er tenkt drevet ut for leveranse av steinproduktar med ulike fraksjonar. Totalvolumet for uttaket er anslått til om lag 600 000 m³. Forventa årleg uttak er om lag 100 000 m³.

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF oppfordrar høyringsinstansane til å koma med grunngjevne synspunkt på om konsesjon bør gjevast eller ikkje, herunder konkrete forslag til avbøtande tiltak og



vilkår som bør stillast. Dersom høyringsinstansen er kjend med tilhøve som ikkje er belyst i tilstrekkeleg grad i søknaden, ynskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytt til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette tas vare på gjennom plan- og bygningsloven. Synspunkt knytta til kommunen sin allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil difor ikkje tilleggjast særleg vekt ved vurderinga vår.

DMF ber kommune og fylkesmann informera om tiltaket rører naturmangfald, herunder eventuelle effektar og konsekvensar av påverknad, og dessutan konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør vurderast.

Søk i Naturbase og Artskart viser at det foreslåtte konsesjonsområdet grensar til den utvalde naturtypen kystlynghei. Lokaliteten heiter Laksvelafjellet m.m. og er svært viktig (verdi A). I Oslandsvatnet, som ligg vest for uttaksområdet, er det registrert ål – sårbar (VU) i Norsk rødliste for arter. Det er i tillegg i området runde sjøve konsesjonsområdet registrert svartrødstjert – sårbar (VU) og fleire artar som er nær truga (NT).

Det foreslegne konsesjonsområdet ligg i eit område som vert omfatta av verneplan for vassdrag; Bjerkreimvassdraget. I Vann-Nett er det registrert fleire vassførekomstar i området, eksempelvis Osland, Oslandsvatnet, og Bekkefelt Storrsheiåna.

DMF ber kommunen og fylkesmannen om å opplysa om det er tilhøve som må takast omsyn til for å ta vare på miljøverdiane i området.

DMF ber fylkeskommunen informera om det finst kjende kulturminne som kan rørast av uttaket, herunder eventuelle effektar og konsekvensar av påverknad, og dessutan konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør vurderast.

Vi ber kommunen spesielt informera oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan refererast i vedtaket som seiar om konsesjon vert gjeve eller ikkje. Søkjaren får høva til å kommentera høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling



- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: mail@dirmin.no

eller

Ordinær post:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Rita Øyen
overingeniør

Marit Mia Bjørnstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Marit Mia Bjørnstad



Mottakarakar:

Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389 VIKESÅ
Sirdal kommune	Rådhuset	4440 TONSTAD
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517, Lundsiden	4605 KRISTIANSAND S
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Martin Moi	Moi 32	4389 VIKESÅ
Aud Jane Skretting	Dublandsvegen 33	4360 VARHAUG

Kopi til:

Ravi Rådgivning AS	Alvaliå 24	4365 NÆRBØ
Risa AS	Postboks 14	4367 NÆRBØ